



# VANYLVEN KOMMUNE

Servicetorget

MOTTATT  
18 JAN. 2016

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Ordførar og rådmann

Saksnr  
2012/571

Lopenr/Arkiv  
298/2016 / 002

Dykkar ref.

Avd/Saksansvarleg  
SER / NORAND

Dato  
14.01.2016

## MELDING OM VEDTAK

### Kommunereforma - utgreiingsarbeid og retningsval

Kommunestyret handsama i møte den 12.01.2016 – sak 04/2016. Følgjande vedtak vart fatta:

Vanylven kommune vil gå for tre alternativ i kommunesamanslåingsprosessen:

1. Ytre søre Sunnmøre med kommunane Sande, Ulstein, Herøy og Hareid
2. Nordfjord med kommunane Vågsøy og Selje.
3. Vanylven skal bestå som eigen kommune.

Forhandlingsutvalet vert gjeve mandat til fortsette forhandlingar om ein intensjonsavtale, sjølv om samansettinga av kommunar i dei tre alternativa skulle endre seg.

Det skal gjennomførast ei rådgjevande folkeavstemming over dei ulike alternativa.

Rett utskrift:

Vanylven kommune

Kåre Kvænarsnes  
Konsulent

Kopi: Kommunane Selje, Vågsøy, Sande, Ulstein, Herøy, Hareid  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde



## VANYLVEN KOMMUNE

### SAKSFRAMLEGG

<i>Saksnr:</i>	<i>Arkiv:</i>	<i>Avd/Saksansv:</i>
2012/571	002	RÅD/NORAND

<b>Utvaksnsnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
4/2016	Formannskapet	12.01.2016
4/2016	Kommunestyret	12.01.2016

### Kommunereforma - utgreiingsarbeid og retningsval

#### **Tilråding:**

Formannskapet tilrår:  
Vanylven kommune vil gå for to alternativ til retningsval for kommunesamanslåing:

1. Ytre søre Sunnmøre med kommunane Sande, Ulstein, Herøy og Hareid
2. Nordfjord med kommunane Vågsøy og Selje

Det skal gjennomførast ei rådgjevande folkeavstemning over dei ulike alternativa.

#### **Uprenta saksvedlegg:**

Utkast til intensjonsavtale med Nordfjordkommunane  
Utkast til intensjonsavtale med ytre søre Sunnmøre  
SWOT-analyse for ytre søre Sunnmøre

#### **Samandrag av saka:**

Alle landets kommunar er inviterte til å delta i prosessar med sikte på å vurdere og å avklare om det er aktuelt å slå seg saman med nabokommunar.

Vanylven kommune har i 2015 køyrd prosessar for å avklare og styrke det lokale tenestetilbodet, dette gjennom innbyggjarundersøking (tenester), brukarundersøking og medarbeidarundersøking samt tenesteanalyse av KS gjennom Kommunekompasset - desse finn du på kommunen sine nettsider, under Analyser.

Kommunen har i samsvar med kommunestyret sitt vedtak i 2015 hatt innleiande møte med dei fleste av nabokommunane våre (9 av 11) samt gjennomført ein næringslivsundersøking og ei ny innbyggjarundersøking hausten 2015.

Forhandlingar med moglege samarbeidskommunar har starta og kommunen skal innan den 31. januar 2016 utarbeide intensjonsavtalar og ta retningsval mot eitt eller fleire alternativ.

### **Saksopplysning:**

Den formelle oppstarten med arbeidet av kommunereform starta med brev av 27. august 2014 frå statsråd Jan Tore Sanner, der kommunane blir bedt om å ta del i prosessar med sikte på å vurdere og avklare om det er aktuelt å slå seg sammen med nabokommunar – målet for kommunereforma er uttrykt slik:

- gode og likeverdige tenester til innbyggjarane våre
- heilskafeleg og samordna samfunnsutvikling
- berekraftige og robuste kommunar
- styrke lokaldemokratiet og gje større kommunar fleire oppgåver

Arbeidet med kommunereforma var inndelt i tre fasar:

- oppstartfasen            2014 (hausten)
- utgreiingsfasen        2015
- beslutningsfasen      2016 (våren)

### **Oppstartfasen:**

Rådmannen vurderte tideleg at det var sett kort frist for arbeidet med kommunereforma, og etter at oppdraget var gitt frå statsråden var saka til politisk handsaming allereie første gang den 9. september 2014, der:

"rådmannen [vil] tilrå at Vanylven kommune tek initiativ til samtalar med nabokommunane, både på administrativt og politisk nivå.

På administrativt nivå ynskjer rådmannen eit mandat til å drøfte med nabokommunane om fordeling av funksjonar, infrastrukturtiltak og inneheld i lokalt tenestetilbod. Dette slik at politikarane kan få lagt fram ulike utkast til funksjonsfordeling, infrastrukturtiltak og tenestetilbod, i høve til ulike tenkte kommunesamanslåingar, når vi skal ta stilling til og tilrå kva kommunestruktur som er best for Vanylvens sine innbyggjarar."

I saksframlegget var det vidare fokusert på at rådmannen ynskja at kommunen i forhandlingane med nabokommunane fokuserer på:

1. God økonomisk styring

2. God tenesteproduksjon
3. Omstillingsevne

Dette slik at drøftingane om kommunestrukturen ikkje skulle bli ein debatt om:

1. Kommunenamn
2. Kommunevåpen
3. Rådhusplassering

Med bakgrunn i dette var det påpeike at det er:

"[...] særskilt viktig at innbyggjarane våre også forstår behovet for å ha fokus på desse områda og at vi kan synleggjere moglegheitene for eit godt lokal tenestetilbod, også når vi er ein del av ei storkommune. Vi må difor ha ein god dialog med innbyggjarane om kommunereforma og gi god informasjon om arbeidet med kommunenesamanslåinga."

Det var vidare vist til inndelingslova § 10:

#### "§ 10. Innbyggjarhøyring

Kommunestyret bør innhente innbyggjarane sine synspunkt på forslag til grenseendring. Høyringa kan skje ved folkerøysting, opinionsundersøking, spørjeundersøking, møte eller på annan måte."

Rådmannen viste til at ei innbyggjarundersøking, med eit representativt utval i krinsane, ville gi eit godt grunnlag for å få fram synspunkta til innbyggjarane våre.

Vanylven kommune mottok den 27. oktober 2014 eit forventingsbrev frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, med ulike krav. Det skulle mellom anna utarbeidast ein handlingsplan, og denne planen var i Vanylven kommune vedteke i kommunestyret den 9. desember 2014.

HANLINGSPLAN KOMMUNEREFORMA

	JANUAR	FEBRUAR	MARS	APRIL	MAI	JUNI	AUGUST	SEPTMBÆR	OKTOBER	NOVEMBER	DESEMBER
INFORMASJONSSKRIV FRÅ RÅDMANNEN DIGITAL KANAL FOR TILBAKEMELDING		X X	X X	X		X			X		X
MØTE MED NÆRINGSILVET MØTE MED TILLITSVALDE MØTE MED SKULE OG UNGDOMMANNE FOLKEMØTE		X X	X X	X X	X X	X	X	X X	X X	X	X
UNDERSØKING NÆRINGSILV UNDERSØKING INNBYGGJARAR				X					X		
PRESENTERE ALTERNATIVA POLITISK MØTE MED ORDFØRARAR/RÅDMENN "SØRE" MØTE MED FORMANNSKAP - "NABOAR"		X	X	X X	X		X X	X X	X X		
BEHANDLING KOMMUNESTYRE			X	X	X				X		X
RAPPORT FYLKESMANNEN						X					X


I tillegg til å vedta handlingsplanen, oppnemnde kommunestyret den 9. desember 2015 ei lokal kommunereformsgruppe med fokus på å gjennomføre arbeidet med kommunereforma. Gruppa var breitt samansett med representantar frå politiske parti, administrasjonen, næringsliv, ungdomsrådet og tillitsvalde.

### Utgreiingsfasen:

Rådmannen la til grunn for arbeidet med kommunereforma at det var viktig å dokumentere og vurdere:

- tenestene til Vanylven kommune
- samfunnsutviklinga i Vanylven kommune
- vurdering av lokaldemokrati i Vanylven kommune
- samt behovet for større robuste kommunar

Tenestekvaliteten er målt gjennom brukarundersøkingar på kommunen sine tenesteområde og kan oppsummerast med følgjande oversikt, der òg interntenestene og medarbeidarundersøkinga er teke med:




Resultata er samanlikna med gjennomsnitt i Noreg og synleggjer fokusområde for arbeid med å forbetre kommunen sinetenester – dette er viktig både i det vidare arbeidet som eigen kommune og sjølv sagt òg ved ei samanslåing med andre kommunar.

Det er viktig for rådmannen at vi i samtalane om intensjonsavtalar har fokus på at tenestekvalitet er eit av dei områda bør målast etter ei eventuell kommunesamanslåing. Rådmannen si vurdering er at det burde gjennomførast slike brukarundersøkingar i alle kommunane det er aktuelt å slå seg saman med.

Vurdering av samfunnsutvikling og vurdering av lokaldemokratiet er innhenta ved ein stor innbyggjarundersøking som var sendt ut til 2 600 innbyggjarane, som er tilsvarande alle innbyggjarane over 18 år. Det var 789 innbyggjarar som svarte på denne undersøkinga. Det

tilsvarar 30 % av våre innbyggjarar over 18 år. Undersøkinga kan oppsummerast med følgjande tabell:



Vanylven kommune har eit stort forbetningspotensial i forhold til samfunnsutvikling, og kommunen har hatt fokus på dette område sidan KS si analyse i Kommunekompasset for 2014. Vi vil i ny Kommunekompass-evaluering i januar 2016 sjå om vi har forbetra oss på nokre område. Dette må sjølv sagt følgjast opp med ein ny innbyggjarundersøking, som skal gjennomførast i 2017.

Vurdering av lokaldemokratiet som kjem under "Møte med din kommune" er lågt, men har tilsvarende resultat som for andre kommunar.

I tillegg til å gi viktig informasjon til arbeidet med kommunereforma, er desse undersøkingane/analysane sjølv sagt også viktige i det kontinuerlige arbeidet med å forbetre kommunen sitt arbeid på dei fire kjerneområda.

Rådmannen vurderer det slik at det er mogleg for kommunen å oppnå god tenestekvalitet; ha ei god samfunnsutvikling og å forbetre lokaldemokratiet – både som eiga kommune og sjølv sagt i samarbeid med andre. Rådmannen vil likevel understreke at det uansett er nødvendig med samarbeid med andre kommunar på kompetansekrejande områder, som til dømes:

- IKT
- Barnevern
- Planlegging
- Økonomi

Dette er områder som rådmannen legg til grunn ikkje blir liggjande i Vanylven kommune, dersom vi må stå åleine – rådmannen viser her til Meld.St. 14 "Kommunereformen – nye oppgaver til større kommuner", side 24:

" I lys av kommunereformens mål og prosess vil det samtidig være naturlig å utrede og belyse andre vilkår enn at det foreligger for store geografiske avstander som grunnlag for å pålegge kommuner å samarbeide. Formålet med en slik samarbeidsregel vil være å sikre innbyggerne et faglig forsvarlig tilbud. Enkelte slike hjemler eksisterer i dag i særlovgivningen, og en generell hjemmel vil kunne erstatte disse særbestemmelsene. Den aktuelle kommunens fagkompetanse vil være sentral for vurderingen av når det vil kunne være aktuelt å anvende bestemmelsen. Departementet vil også utrede om påleggget skal kunne brukes for å sikre innbyggernes rettssikkerhet i kommunalforvaltningen. I utredningen vil det også vurderes om man på forhånd kan angi særskilte tjenestemråder som vil kunne være aktuelle for pålagte samarbeid. Den framtidige kommunestrukturen og omfanget av nye oppgaver til kommunene vil kunne avgjøre omfanget av slike pålagte samarbeid. Departementet tar sikte på å fremme forslag for Stortinget om dette våren 2017 [...]"

Rådmannen vurderer det slik at dei kompetansekrevjande fagområda blir flytta ut av kommunen, og eit alternativ til ei kommunesamanslåing ville kunne vere samkommune-modellen. Denne ordninga skal avviklast og det er vanskeleg å sjå kva demokratisk overbygging ein skulle få dersom fagområda skal flyttast ut av kommunen, i ein situasjon der vi står åleine.

I tillegg til det som her er nemnd har formannskapet i Vanylven i regi av regionrådet gjennomført ei SWOT-analyse i desember 2015:

### **1. Tenesteprodusent og utøving av mynde**

Vanylven	Ytre Søre Sunnmøre
<p><b>Styrker:</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Oversiktleg tenestetilbod.</li> <li>2. Lokalkunnskap.</li> <li>3. Rask sakshandsaming.</li> </ol> <p>Dyktige einskildpersonar. Samhandlingsreform. Korte avstandar til avgjersler. Helse-/omsorgssenteret, heimetenester. Desentralisert skulestruktur.</p>	<p><b>Moglegheit</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Større fagmiljø.</li> <li>2. Sterkare med stor eining.</li> <li>3. Maritim næring.</li> </ol> <p>IKS – interne tenester. Felles planverk. Økonomi. Objektivitet i saksbehandlinga. Skulestruktur desentralisert.</p>

<b>Svakheiter:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>1. Lite fagmiljø.</li> <li>2. For nære relasjonar (eks barnevern).</li> <li>3. Rekruttering – manglande.</li> </ul> <p>Spisskompetanse. Rutiner/saksbehandling. Inabilitet.</p>	<b>Trugslar</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>1. Lokaldemokrati.</li> <li>2. Ribba utkantar.</li> <li>3. Avstandar/geografi/beslutning.</li> </ul> <p>Lokalkunnskap. Gjeld. Svake grupper – flytta. Dårleg kommunikasjon. Lengre saksbehandlingstid.</p>
---	---

## 2. Samfunnsutvikling og samfunnsposisjon

Vanylven	Ytre Søre Sunnmøre
<b>Styrker:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>1. God økonomistyring.</li> <li>2. Sterk dugnadsånd.</li> <li>3. Godkjende planar.</li> </ul> <p>Store areal. Fiber. Gode kommunale målbare tenester. Rask omstillingsevne. Ikke egedomsskatt. God på samhandlingsreform. 6,4% arbeidsgjevaravgift. Desentralisert skulestruktur.</p>	<b>Moglegheit</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>1. Større fagmiljø.</li> <li>2. Vekstområde.</li> <li>3. Planmessig drift.</li> </ul> <p>Store landområde. Lang kystlinje. Større påverknadskraft. Maritimt kompetansemiljø.</p>
<b>Svakheiter:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>1. Samferdsel, kommunikasjon.</li> <li>2. Små fagmiljø, sårbare.</li> <li>3. Dårleg næringsutvikling .</li> </ul> <p>Lavt nivå høgskuleutdanna. Personavhengigkeit i drifta. Stigande gjennomsnittsalder. Inabilitet, ugildskap. Eigen bu og arbeidsmarknad. Mindre kjent «ute».</p>	<b>Trugslar</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>1. Gjeldsbehandling.</li> <li>2. Treighet i endringar.</li> <li>3. Lange avstandar, reise og byråkrati.</li> </ul> <p>Svekka lokaldemokrati. Skaper utkantar. Uoversiktleg. Kostbart. Desentralisert nok skulestruktur.</p>

## 3. Demokrati og styringsform

Vanylven	Ytre Søre Sunnmøre
<b>Styrker:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>1. Låg terskel for å ta kontakt.</li> <li>2. Lokalkunnskap.</li> <li>3. God kjennskap til tenestetilbodet.</li> </ul> <p>Velfungerande lokaldemokrati. Alle kjenner alle. Bygdeengasjement. Oversiktleg for veljarane. Lokalt engasjement i alle parti.</p>	<b>Moglegheit</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>1. Større slagkraft (får tenke større, jmf samferdsel).</li> <li>2. Overordna styring.</li> <li>3. Fleire parti å velje mellom.</li> </ul> <p>Lettare å rekruttere. Fleire profesjonelle politikarar. Objektivitet.</p>

Breidde i representasjon. God kvinneandel/ aldersspreiing. Ikke bygdelister.	
<b>Svakheiter:</b> 1. Stor saks mengde. 2. Habilitet. 3. Rekruttering.  Partilojalitet. Få som driv aktivt med politikk. Få parti representerte. Subjektivt engasjement. Detaljstyring	<b>Trugslar</b> 1. Bygdelister. 2. Politikarar «for fjerne»/ därleg kontakt med veljarane. 3. Engasjement for å delta i lokalpolitikken.  Nedgang valdeltaking. Blokktaking. Politikken for profesjonell. Representasjon.

#### 4. Økonomi i den nye kommunen

Vanylven	Ytre Søre Sunnmøre
<b>Styrker:</b> 1. God økonomistyring. 2. Null eigedomskatt. 3. Nærleik politikk-adm.  Redusert arbeidsgjevaravgift. Jamleg rapportering – alle kommunale einingar. Ansvarleggjering overskot/underskot. Ad hoc – vegen blir til medan vi går. Oversiktleg/ høve til detaljstyring. Handterbar lånegjeld. Pengar på bok.	<b>Moglegheit</b> 1. Større fagmiljø – mindre sårbare. 2. Lettare å sette i gang større prosjekt. 3. Stordriftsfordelar – skule, barnehage, helse.  Meir effektiv drift.
<b>Svakheiter:</b> 1. Sårbare kompetansemiljø – rekrutteringsutfordringar. 2. Lite spelrom. 3. Sårbare for endringar i inntektssystem.  Sårbare for uføresette utgifter. Liten kommune, få skatteytarar.	<b>Trugslar</b> 1. Mindre innsikt. 2. Høg lånegjeld. 3. Heilskapleg tenking.  Lik fordeling. Mindre detaljstyring. Vanskeleg å «slanke» organisasjonen. Tussa-aksjar. Beredskap.


Vanylven kommunen har samla alle dokumenta i saka under linken  
[www.vanylven.kommune/kommunereform](http://www.vanylven.kommune/kommunereform).

#### Beslutningsfasen:

Vanylven kommune skal no i 2016 starte på den siste fasen i kommunereformsarbeidet. Spørsmålet er om vi i utgreiingsfasen har evna å innfri dei forventningane vi la for arbeidet i oppstartsfasen i 2014:


1. Kva er viktig for innbyggjarane ved ei eventuell kommunesamanslåing?
2. Har kommunen utad klart å skape forståing for arbeidet med kommunereforma?

Desse vurderingane kan sjølv sagt ikkje gjerast med ei eigenvurdering og byggjar difor på innbyggjarundersøkinga frå november 2015. Når det gjeld kva som er viktig for innbyggjarane, viser innbyggjarundersøkinga følgjande:



Rådmannen legg til grunn at dette tydelegger at vi i Vanylven kommune har unngått at kommunereforma har blitt ein debatt om plassering av rådhuset og namn på kommunen, men at fokuset er kva samfunnsutviklingar og tenester innbyggjarane meinar er viktige for Vanylven kommune.

Vidare viser rådmannen til at innbyggjarundersøkinga gir følgjande resultat i høve til staten og kommunen sitt arbeid med kommunereforma så langt:



respons

Rådmannen viser til at 54 % av innbyggjarane er nøgd med kommunen si leiing av arbeidet med kommunereforma og rådmannen meiner at vi kan konkludere med at vi har lykkast med involvering av innbyggjarane i denne saka. Tilsvarande resultat var det i næringslivsundersøkinga, der 58 % var nøgd med kommune si leiing av kommunereformsarbeidet.

Vanylven kommune er nok klar til å starte på den siste fasen i kommunereformsarbeidet. I denne fasen startar med at vi skal ta eit retningsval for det vidare arbeidet og rådmannen viser til at det er lagt føringar for dette arbeidet i kommunestyrevedtak av 8. desember 2015:

”Vanylven kommunestyre vil at arbeidet med å framforhandle intensjonsavtalar med nærliggande kommunar må fortsette. Vi skal forhandle med Sande, Ulstein, Herøy og Hareid, på lik linje som vi forhandlar med Selje, Vågsøy og Eid kommune.  
Det skal gjennomførast ei rådgjevande folkeavstemning over dei ulike alternativa.”

Med bakgrunn i dette vedtaket legg rådmannen til grunn at det skal utarbeidast intensjonsavtaler og/eller utkast til intensjonsavtalar som skal leggjast fram til innbyggjarane for høyring.

Rådmannen trur at det er to alternativ for å kunne lykkast med ein samanslåingsprosessen:

1. Forpliktande fordeling av tenesteområde med ein viss varigheit
2. Forpliktande avtale om følgjande arbeidsmetode:
  - a. ikkje gå raskare fram enn at du får med deg alle kommunane
  - b. alle kommunane må vere einige om avgjerslene
  - c. krav om at alle kommunane skal bli einige

Rådmannen har i utkast til intensjonsavtale for ytre søre Sunnmøre lagt til grunn ei forpliktande fordeling av tenesteområda som utgangspunkt.

Rådmannen vil òg no fokusere på at tidsfristen for gjennomføringa er kort og legg til grunn at folkeavstemminga må gjennomførast i første veka i april – arbeidet med å førebu denne folkeavstemminga er allereie starta.

### **Vurdering og konklusjon:**

Rådmannen tilrår at Vanylven kommune har to retningsval for kommunesamanslåing, som leggjast fram for innbyggjarane for høyring, jfr. inndelingslova § 10:

1. Ytre Søre Sunnmøre, som vil vere Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein og Hareid
2. Nordfjordkommunane, som vil vere Vanylven, Selje og Vågsøy

Rådmannen tilrår at den rådgjevande folkeavstemminga blir gjennomført i første veka i april men moglegheit med forhandssteming frå midten av mars. Folkeavstemmingane vil ha alternativa for kommunesamanslåing enten nordover eller sørover med moglegheit for avkryssing for splitting av kommunen og eventuelt ønskje å stå åleine.

Fiskå, 22.12.2015

Andreas Chr. Nørve  
rådmann

### **Handsaming i formannskapet:**

Framlegg frå varaordførar Bjarne Sætrenes:

Forhandlingsutvalet vert gjeve mandat til fortsette forhandlingar om ein intensjonsavtale, sjølv om samansettinga av kommunar i dei to alternative retningsvala skulle endre seg.

Framlegg frå Ottar Jan Løvoll:

Nytt punkt 3: Vanylven skal bestå som i dag, som eigen kommune.

Votering:

Det vart gjort slik **samrøystes**

### **VEDTAK:**

#### Formannskapet tilrår:

Vanylven kommune vil gå for tre alternativ i kommunesamanslåingsprosessen:

1. Ytre søre Sunnmøre med kommunane Sande, Ulstein, Herøy og Hareid
2. Nordfjord med kommunane Vågsøy og Selje.
3. Vanylven skal bestå som i dag, som eigen kommune.

Forhandlingsutvalet vert gjeve mandat til fortsette forhandlingar om ein intensjonsavtale, sjølv om samansettinga av kommunar i dei tre alternativa skulle endre seg.

Det skal gjennomførast ei rådgjevande folkeavstemming over dei ulike alternativa.

#### **Handsaming i kommunestyret:**

Etter framlegg frå varaordførar Bjarne Sætrenes vart det halde gruppemøte.

Etter gruppemøtet sette Ottar Jan Løvoll fram formannskapet si tilråding med slik endring i punkt 3: Vanylven skal bestå som eigen kommune. «Som i dag» går ut.

Framlegg frå Frp og H v/varaordførar Bjarne Sætrenes:

Vanylven kommune vil gå for to alternativ i kommunesamanslåingsprosessen:

1. Ytre søre Sunnmøre med kommunane Sande, Ulstein, Herøy og Hareid
2. Nordfjord med kommunane Vågsøy og Selje.

Forhandlingsutvalet vert gjeve mandat til fortsette forhandlingar om ein intensjonsavtale, sjølv om samansettinga av kommunar i dei to alternativa skulle endre seg.

Det skal gjennomførast ei rådgjevande folkeavstemming over dei ulike alternativa.

Framlegg frå Sp v/Randulf Lillebø:

Vanylven bør slå seg saman med Hareid, Ulstein, Herøy og Sande samt Nordfjordkommunane Vågsøy og Selje.

Det vart halde prøhevotering over framlegget frå Sp v/Randulf Lillebø:

**18 røyster mot framlegget.**

**3 røyster for framlegget.**

#### **Endeleg voting:**

**12 røyster for justert tilråding frå formannskapet.**

**9 røyster for framlegget frå Frp og H.**

#### **VEDTAK:**

Vanylven kommune vil gå for tre alternativ i kommunesamanslåingsprosessen:

1. Ytre søre Sunnmøre med kommunane Sande, Ulstein, Herøy og Hareid
2. Nordfjord med kommunane Vågsøy og Selje.
3. Vanylven skal bestå som eigen kommune.

Forhandlingsutvalet vert gjeve mandat til fortsette forhandlingar om ein intensjonsavtale, sjølv om samansettinga av kommunar i dei tre alternativa skulle endre seg.

Det skal gjennomførast ei rådgjevande folkeavstemming over dei ulike alternativa.